



OSTERØY IDROTTSLAG

STRATEGISKE MÅL FOR OSTERØY IDROTTSLAG 2009 - 2011

LAGET SIN FORMÅLSPARAGRAF (§ 1)

Idrettslaget sitt føremål er å drive idrett organisert i Noregs Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komitè (NIF).

Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Osterøy Idrottslag ynskjer å arbeida innan områdene: toppidrett, breddeidrett, barneidrett, trim. Me vil generelt leggja forholde til rette til auka fysisk aktivitet for alle aldersgrupper, men spesielt for born og ungdom. Me skal vera ein positiv bidragsytar for vårt lokalmiljø, og vera eit positivt førebilde i arbeidet mot rusmiddel og doping . Arbeidet med dette gjer det meningsfylt og utfordrande å vera med å driva laget.

INNLEIING

Denne strategiplanen er eit resultat av arbeid med strategi og handlingsplanar i både hovudstyret og i gruppene.

Handlingsplanen, første versjon vart utarbeidd av hovudstyret i perioden august 94 til juni 95. Arbeidsutvalet tok ein gjennomgåande revisjon av planen i 2003. Endringane omfatta m.a. organisasjonsplanen og oppbygging av planen som aktivt styringsinstrument. Tidlegare handlingsplanar 2003 – 2005 er lagt fram for årsmøtet. Planen for 2006 vart vedteken av styret etter at gruppene hadde gjeve innspel. Vinteren 08/09 har gruppene igjen vore konsultert, og har komme med innspel på kva forhold som er viktige for dei spesielt, og kva hovudstyret kan gjere for å leggja forholda betre til rette for idrettsaktivitet. Føreliggjande plan er bygd opp med sikte på å vera underlagsdokument for prioriteringar i budsjettet og styring. Det er lagt vekt på at planen for 2009 – 2011 skal vera mål- og tiltaksretta.

Planen tek for seg arbeidsområda:

- Idrett
- Anlegg
- Organisasjon
- Informasjon
- Økonomi
- Miljø
- Samarbeidspartnarar

og fortel om hovudmål og arbeidsmål for arbeidet.

IDRETT

HOVUDMÅL:

Idrettslaget skal vera ein verdiskapar for lokalsamfunnet gjennom sine idrettsaktivitetar.

Laget skal arbeida med å leggja til rette for dei særvidrettar medlemmene ynskjer å driva.

Idrett og mosjon sin positive rolle i eit folkehelseperspektiv skal framhevast.

ARBEIDSMÅL for perioden:

- Fortsetje det gode arbeidet som foregår i gruppene i dag
- Leggje forholda betre til rette for dei spesielt treningsivrige, gjerne på tvers av idrettsgreinene.
- Heva den idrettsfaglige kompetanse ved å arrangere kurs for trenarar, dommarar og aktive

ANLEGG

HOVUDMÅL:

Laget sine medlemmer skal ha lokal tilgang til anlegg av nasjonal standard og tilstrekkelig kapasitet innan dei idrettar laget driv.

Lysløypa på Rolland skal haldast vedlike og vidareutviklast som det sentrale skianlegget i kommunen.

Klubbhuset skal nyttast til verdiskaping som tener laget og lokalsamfunnet, i samsvar med dei verdiar laget står for. I utgangspunktet bør klubbhuset vera sjølffinansierende.

Laget vil støtta utbygging av Osterøyhallen og symjehall i tilknytning til denne.

ARBEIDSMÅL i perioden:

- Stadionanlegget skal fullførast med avlastingsbane med kunstdekke, flomlys og tribune.
- Få på plass informasjonstavler ved hovudanlegga til OIL som gir informasjon om reglar for bruk av anlegga.
- Utarabeide brukar-, drifts- og vedlikehaldssavtale med kommunen for Osterøy Stadion.
- Bidra til tenlege planrutinar for rullering av kommunen sin delplan for idrett og friluftsliv, ved innspel til Osterøy Idrettsråd.
- Fullføre grusing av skiløypa på Rolland til heilårsbruk.
- Vidareføre arbeidet med joggeløype rundt Husavatnet i samarbeid med grendarådet i Lonevåg.
- Vurdere kostnader og moglegheiter for å få laga orienteringskart ein eller fleire stader på Osterøy, og eventuelt setje i gang eit slikt arbeid med sikte på å etablere ei orienteringsgruppe i laget.

ORGANISASJON

HOVUDMÅL:

Idrettslaget er i hovedsak dreven på frivillig og dugnadsbasert basis. Foreldre, foresatte og frivillige bidragsytarar er bærebjelken i lagsarbeidet.

Laget skal være organisert som eit fleiridrettslag med grupper for dei ulike idrettar.

Laget skal organiserast slik at styret kan arbeide ut frå interessene til medlemmene i laget.

ARBEIDSMÅL i perioden:

- Få satt i system ein fast rutine for at alle lag/grupper stiller med representantar som tar på seg eit verv i ein periode, for eigne styre og hovedstyre.
- Utvikla funksjonelle kontaktformer mellom hovedlag og grupper, som fleire fellesmøter og besøk av hovedstyret i gruppestyra.
- Setja i verk tiltak for leiarrekruttering og utvikling / kompetanseheving.

INFORMASJON

HOVUDMÅL:

Medlemmene skal få enkel tilgang via heimesida til informasjon om utvikling og arbeid i laget, aktivitetar og resultater.

Idrettslaget skal være synleg i lokalmiljø og informere godt både innad og utad om det positive bidraget laget er for samfunnet.

ARBEIDSMÅL i perioden:

- Fortsetje utviklinga av heimesida med medlemsinformasjon både for hovedstyret, gruppene og alle som vitjar sida. Utnytte og utvikle potensialet for heimesida.
- Arbeide vidare med å få fram ein god organisering av redaksjonelt arbeid med heimesida.
- Oppdatere informasjonsfoldar og sende denne ut saman med krav om medlemspengar.
- Informera hovedsponsor og andre samarbeidspartnarar om lagets idrettslege aktivitet, og arbeid og framdrift ang. utbygging av anlegg.

ØKONOMI

HOVUDMÅL:

Prioritering av idrettslaget sine midlar skal grunngjevast med idrettsfaglege siktemål.

Økonomistyringa i laget skal vera forsvarleg. Laget skal drivast etter budsjettet som årsmøtet har godkjent, der kostnadane ikkje skal vera større enn inntektene.

ARBEIDSMÅL i perioden:

- Utnytta inntekspotensialet ved heimesida, for hovedlag og grupper.
- Oppmuntre til samarbeid mellom gruppene om erfaringar kring det å få størst mogleg økonomisk utbytte av gjennomførte arrangement.
- Vedlikehalde og utvikle økonomifunksjonen i lag og grupper.

SAMARBEIDSPARTNARAR

HOVUDMÅL

Utvikla samarbeid med sponsorar og andre samarbeidspartnarar der ein definerer og stadfester gjensidige nytteforhold.

ARBEIDSMÅL i perioden:

- Utvikla samarbeidet med hovudlagssponsor.
- Etablere supplerande sponsoravtalar eller finansieringsformer for drift av hovedlaget.

MILJØ

HOVUDMÅL:

Alle medlemmer skal ha glede og nytte av sitt medlemskap. Miljøet skal vera inkluderande, inspirerande og i samsvar med laget sin formålsparagraf.

ARBEIDSMÅL i perioden:

- Få satt i system ein fast rutine for at alle lag/grupper stiller med representantar som tar på seg eit verv i ein periode, for eigne styre og hovedstyre slik at ikkje nokon få brenn seg ut.
- Gjennomføra idédugnad for miljøskapande aktivitet i klubbhus og på stadionanlegget.

Oppfølging

Denne strategiplan skal danne grunnlaget for hovedstyret sin konkrete handlingsplan for året. Planen skal gjennomgåast som eigen sak i hovedstyret min. 2 gonger pr. år for å sjå om ein har prioritert i forhold til planen.

Arbeidet med ny strategiplan for perioden 2012 – 2015 skal setjast igang hausten 2011.

Strategiplanen er vedteke på årsmøtet 11. mars 2009.